



Saksframlegg

Kjøp av areal til busetnad i Tøddebakkane og Tøddelia g/b.nr. 38/2

Utval	Utvalssak	Møtedato
Kommunestyret		11.12.2025

Endeleg vedtaksrett i saka har: Kommunestyret

Vedlegg:

- 1 Tøddelia Arealkart
- 2 Kjøpekontrakt bustadareal Tøddelia/Tøddekroken
- 3 Arealoversikt Tøddelia/Tøddekroken

Bakgrunn for saka:

Fyresdal kommune står føre ei omfattande næringsetablering som vil gi eit stort tal nye arbeidsplassar. Dette skapar både kortsiktige og langsiktige behov for bustader. I byggeperioden vil arbeidarar, fagpersonell og leverandørar krevje mellombelse og fleksible buplassar.

På lengre sikt vil varige arbeidsplassar gi auka tilflytting, behov for einebustadtomter, leilegheiter og småhusbygging.

For å møte desse behova er det framforhandla ein kjøpekontrakt med Helge Momrak om om lag 70 dekar i Tøddelia og Tøddekroken, godt eigna for bustadføre mål og grøntareal.

Vurdering:

Saka er vurdert ut frå strategi i Kommuneplanen sin samfunnsdel Fyresdal kommune 2023-2035; Fyresdal kommune skal legge til rette for attraktive bustadområde

- Kommunen skal ha tilgjengelege bustadtomter.

Arealet er strategisk plassert og kan byggjast ut etappevis. Kjøpesummen er etter kommunedirektørens meining rimeleg, og området er godt eigna for bustadutvikling som støttar både kortsiktige og langsiktige mål.

Sletting av dokument 999967-2014 er nødvendig for at kommunen skal overta eigedommen utan heftingar og eldre avtaler.

Kjøpet er avgjerande for å sikre bustadkapasitet og leggje til rette for vidare folkevekst og samfunnsutvikling.

Konklusjon:

Kjøpet er nødvendig for å sikre kommunen sitt bustadbehov både nå og i framtida. Avtalen vurderast som føremålstenleg og viktig for å støtte den store næringsetableringa og den venta auken i folketallet.

Innstilling frå kommunedirektøren:

1. Fyresdal kommunestyre godkjenner kjøpekontrakten mellom Fyresdal kommune og Helge Momrak med ei økonomisk ramme på kr 3 543 000,-.
2. Kommunedirektøren får fullmakt til å krevje sletting av dokument 999967-2014 i grunnboka.
3. Kjøpet finansierast midlertidig med bruk av disposisjonsfond. Tilsvarende sum vert tilbakeført disposisjonsfond av utbytte frå Mylder AS i 2026.

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Halvor Homme
	kommunalsjef plan og teknikk